



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Uttale til høyring om strategisk konsekvensutgreiing for havvind- utbygging

Vi viser til brev datert 4.1.2013 om høyring av *Havvind - strategisk konsekvensutgreiing*.

Den strategiske konsekvensutgreiinga har gått gjennom 15 område som kunne vere eigna for etablering av havbasert vindkraft. På bakgrunn av 12 fagrapportar utførte av ulike konsultentselskap og ei referansegruppe med deltaking frå fire direktorat, tilrår NVE å prioritere opning av fem område i første omgang: Sørlege Nordsjø I og II, Utsira nord, Sandskallen-Sørøya nord, og Frøyagrunnane.

Frøyagrunnane ligg like utanfor Frøya i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane, umiddelbart vest for Frøyskjera naturreservat. Eit eventuelt vindkraftverk vil vere av botnfast type. To andre havvindanlegg har blitt vurderte i Sogn og Fjordane, Olderveggen (også botnfast) og Stadhavet (flytande). Desse blir ikkje prioriterte no, og utgreiinga viser m.a. til at opning av Stadhavet er vurdert til å kunne få store konsekvensar for fiskearten blålange, og at utbygging av Olderveggen er funne å kunne få store konsekvensar for enkelte sjøfuglartar.

Ser vi nærare på tabell 38-2 (Olderveggen) og tabell 39-2 (Frøyagrunnane), der 17 faktorar som kan påverke utbyggingskostnad og miljøpåverknad er vurderte, er dei to områda Olderveggen og Frøyskjera gitt identiske konsekvenskategoriar for 11 av desse. Olderveggen kjem best ut når det gjeld fleksibilitet, men har størst negativ konsekvens når det gjeld skipstrafikk og sjøfugl. Frøyagrunnane har størst negativ konsekvens av dei to for landskap, kulturminne og reiseliv.

Fylkesmannen meiner at det nok kan vere grunnlag for å skilje mellom Frøyagrunnane og Olderveggen når det gjeld negative verknader på landskap, kulturminne og reiseliv, men vi er langt meir tvilande til å gje ulike konsekvensvurderingar til desse to nærliggande områda når det gjeld skipstrafikk og sjøfugl slik det er gjort i utgreiinga. Når det gjeld skipstrafikk, vil Olderveggen rett nok ligge nærast innseglinga til Nordfjorden, men Frøyagrunnane ligg nær leia inn mot Florø hamn. Følgjande tal for skipstrafikken er oppgitt for dei to lokalitetane :

	Tal registreringar	Utsegla distanse	Operasjonstimar
Frøyagrunnane	13728 (94)	25457 (176)	3202 (45)
Olderveggen	11177 (22)	23063 (30)	2749 (5)

Tala i parentes gjeld oljetankarar. Ut frå tabellen kan vi vanskeleg sjå at Olderveggen kan få større negativ konsekvens for skipstrafikken enn Frøyagrunnane. Rett nok er vertilhøva ofte noko røffare ved Olderveggen, men den store praktiske forskjellen er det ikkje for desse to nærliggande lokalitetane. Tabell 11-2 på side 69 vurderer begge lokalitetane til å ha "høgare" sannsyn for uhellshending, med poengsum 3,5 for Olderveggen og 3,1 for Frøyagrunnane (av maksimalt 5,0). Desse verdiane er basert på at Olderveggen har "Høg trafikk" og Frøyagrunnane "Moderat trafikk", trass i at data altså viser det motsette. Begge lokalitetane er dessutan karakteriserte med "Få oljetankarar" sjølv om data viser at Frøyagrunnane har meir enn fire

gangar fleire registreringar, nesten seks gangar lenger utsegla distanse, og ni gangar fleire operasjonstimar når det gjeld trafikk av oljetankarar.

Vi fokuserer på tala for oljetankartrafikken her fordi Olderveggen har fått konsekvensgrad 4 når det gjeld sjøfugl på grunn av risikoen for oljesøl, noko som står spesielt nemnt i tabell E-13 på side 377: Konsekvenskategori 4 "gjelder Olderveggen mht. oljeutslipp". Med tilvising til erfaringane frå Server-forliset i 2007 meiner vi at det ikkje er grunnlag for å skilje mellom Olderveggen og Frøyagrunnane når det gjeld miljøkonsekvensar frå oljeutslipp (vi går ut frå at risikoen er knytt til kollisjonar mellom skip og vindmøller). Server forliste ved Fedje i Hordaland, og oljerestar blei ført nordover med kyststraumen minst så langt som til Nordmøre. I Sogn og Fjordane skjedde dei største påslaga av olje i Vetvika i Bremanger og i Hoddevika i Selje, det vil seie heilt nord i fylket (drivavstanden til Hoddevika er om lag 160 km). Vi vurderer det derfor som usannsynleg at eit uhell ved Olderveggen vil få nemneverdig større påverknad enn eit uhell ved Frøyagrunnane 10-15 km lenger sør, verken for sjøfuglførekomstane i Sogn og Fjordane eller t.d. ved Runde. Den langt større trafikken av oljetankarar ved Frøyagrunnane tilseier etter vårt syn det motsette, det vil seie at eit vindkraftanlegg der vil bety minst like store negative konsekvensar for skipstrafikk, og større negative konsekvensar for sjøfugl enn Olderveggen når ein vurderer sjansane for oljeutslipp.

Fylkesmannen er rett nok einig i at Olderveggen er mest uheldig plassert i høve til sjøfugl når ein vurderer andre påverknader av eit havvindanlegg, ettersom det er plassert inntil den største sjøfuglkolonien i Sogn og Fjordane. Dei 6-7000 lundefuglane som held til på Veststeinen i sommarhalvåret har sitt viktigaste næringstrekk vestover ut frå kolonien, det vil seie rett gjennom det føreslåtte vindkraftanlegget. I tillegg skjer lundefuglane si sverming før dei går inn i kolonien på kveldstid i turbinhøgde, og det vil etter vårt syn vere heilt uakseptabelt i høve til naturreservatet og lundefuglane (raudlistestatus VU – sårbar) med turbinar nærare Veststeinen enn 2-3 km, av den årsaka åleine.

Når ein ser alle faktorar samla, ser vi derimot som nemnt ikkje store forskjellar mellom dei to områda Frøyagrunnane og Olderveggen. Frøyagrunnane får etter vårt syn størst negative konsekvensar ikkje berre for landskap, kulturminne og reiseliv, men også for skipstrafikk og sjøfugl relatert til oljeutslipp, mens Olderveggen vil få dei største negative konsekvensane for sjøfugl generelt (utanom det som er relatert til oljeutslipp eller annan akutt forureining).

Vi vil dessutan peike på at med ein mogleg kapasitet på 100-200 MW er ikkje Frøyagrunnane større enn fleire av dei vindkraftanlegga som det no ligg føre konsesjonssøknadar for på land i Sogn og Fjordane. Det ligg i tillegg så nær land at problemstillingar knytte til landskap og fleire andre tema i praksis vil vere av meir eller mindre same type som dei landbaserte anlegga. Ein oppnår med andre ord lite når det gjeld å redusere det høge konfliktnivået i høve til vindkraft. Fylkesmannen ser det høge konfliktnivået ved dagens vindkraftlokalisering som ei vesentleg brems for vidare utvikling av denne fornybare energikjelda, og eit vindkraftanlegg på Frøyagrunnane vil etter vårt syn neppe gje vesentleg mindre konfliktnivå enn eit landanlegg.

Vi støttar NVE sin konklusjon om å ikkje prioritere Olderveggen for opning, og meiner at utgreiinga relativt klart viser at eit havvindanlegg ved Frøyagrunnane vil ha tilnærma like store negative konsekvensar som Olderveggen. Dette tilseier at Frøyagrunnane heller ikkje bør opnast for vindkraftutbygging.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift